



Arkivnr: 2014/11042-96  
Saksbehandlar: Hans-Christian Engum

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.04.2016

## Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - Status og vidare framdrift

### Samandrag

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger har vore på offentleg høyring med frist 1. oktober 2015.

Arbeidet har vore organisert med ei politisk styringsgruppe og ei administrativ prosjektgruppe. Faggrupper knytt til plantema har vore faglege diskusjonsforum. Fylkeskommunen har vore sekretariat i arbeidet.

Det er gjennomført fire større temasamlingar med brei deltaking der både kommunar, regionale og statlege organ, næringslivsrepresentantar, relevante fagmiljø og andre har vore godt representert.

Det har kome 44 høyringsinnspel med varierende grad av innspel om endringar i planen.

Det er behov for å opprette politisk styringsgruppe for å gjennomføre den vidare prosessen opp i mot vedtak i fylkestinget.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet ber om at det blir etablert ei ny styringsgruppe med to medlemmar frå Fylkeskommunen, to frå Samarbeidsrådet sine medlemmar og ein frå kommunane Fusa, Kvam eller Jondal. Det vert opna for representasjon frå Vindafjord kommune/Rogaland fylkeskommune.
2. Fylkesutvalet oppnemner 2 medlemmer til styringsgruppa frå fylkestinget; ein av desse som leiar:  
Leiar: ..... Medlem: .....

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 21.03.2016**

### **Bakgrunn**

Regional kystsonesplan for Sunnhordland og ytre Hardanger er forankra i regional planstrategi for Hordaland 2010-2012. Planen skal avløysa gjeldande Fylkesplan for Hordaland og Fylkesdelplan for Sunnhordland innanfor det aktuelle tematiske og geografiske området. Planområdet omfattar sjøareal og strandsone i kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Fusa, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes samt sjøareal i Vindafjord, Rogaland fylkeskommune.

Planarbeidet har vore leia av ei politisk styringsgruppe med representantar frå fylkesutvala i Hordaland og Rogaland, Samarbeidsrådet i Sunnhordland, samt kommunerepresentantar frå Kvam, Jondal og Vindafjord. Ei administrativ prosjektgruppe med representantar frå sektororgan og kommunane har følgd og gitt innspel til arbeidet. Det har i tillegg vore temavise faggrupper og opne temasamlingar.

Planen har som føremål at kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet. Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringer i området kan utvikla seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv. Det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsona.

Fylkesutvalet vedtok å sende styringsgruppa sitt forslag til Regional kystsonesplan for Sunnhordland og ytre Hardanger på høyring (Hordaland fylkesutval 19.05.2015, Rogaland fylkesutval 12.05.2015). Høyringsperioden var 22.05.2015 – 01.10.2015.

### **Organisering og medverknad**

Arbeidet har vore organisert med ei politisk styringsgruppe med to medlemmar frå Fylkeskommunen, to frå Samarbeidsrådet sine medlemmar, og ein som representerer kommunane Fusa, Kvam og Jondal. Det var og representasjon frå Vindafjord kommune.

Det har vore ei administrativ prosjektgruppe med deltaking frå statlege organ, fylkeskommunane og utvalde kommunar. Fylkeskommunen har vore sekretariat i arbeidet.

Det er gjennomført fire temasamlingar i planprosessen med brei deltaking der kommunar, regionale og statlege organ, næringslivet med særleg vekt på akvakulturnæringa, organisasjonar, relevante fagmiljø og andre har vore representert. Samlingane har fått fram og formidla kunnskap, gitt høve til medverknad og skapt engasjement og forankring av planen.

Faggrupper knytt til plantema har vore faglege diskusjonsforum. Deltakarane har vore fagpersonar frå statlege/regionale organ, kommunar, fiskeri- og akvakulturnæringa og organisasjonar. Ressursutvalet for interkommunal strandsoneplan har fungert som faggruppe for strandsona.

### **Høyringsutkast**

Hovudmål for høyringsutkastet er at kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet. Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringer i området kan utvikla seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv. Det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsona.

Planforslaget har fire plantema:

- Berekraftig kystsonesplanlegging
- Akvakultur
- Sjøtransport og maritim næring
- Strandsona

Planen inneheld retningslinjer for arealbruk. Dei er delt i retningslinjer for kunnskapsgrunnlag og analyse, medverknad og arealplanlegging. Det er og utarbeidd eit plankart som viser forslag til framtidig arealutvikling i planområdet og synleggjer retningslinjene.

### **Høyringsinnspel**

Det har kome 44 skriftlege høyringsinnspel til planforslaget. 9 kommunar, Samarbeidsrådet for Sunnhordland, 5 regionale statsetatar, 16 næringsaktørar (akvakultur) og 13 andre.

Det vil bli utarbeidd ein høyringsrapport der alle innspel vert gjort greie for og vurdert.

### **Vidare prosess**

Etter vedtak om høyring av planforslaget har det vore val og skifte av politisk styre både i fylkeskommunen og i ein del av kommunane. Det er behov for å forankre arbeidet på ny og det vil vere nyttig å etablere både ny styringsgruppe og administrativ koordineringsgruppe for å sikre samordning i den vidare prosessen. Dette vil kunne sikre ei betre forankring både i nytt fylkesting, men også i kommunane. Det er viktig med gode prosessar som involverer kommunane for å kome ut med ein plan som kommunane i størst mogleg grad stør opp om.

Det vert anbefalt at fylkeskommunen etablerer ei ny styringsgruppe med to medlemmar frå Fylkeskommunen, to frå Samarbeidsrådet sine medlemmar og ein frå kommunane Fusa, Kvam eller Jondal. Det vert opna for representasjon frå Vindafjord kommune/Rogaland fylkeskommune. Fylkesutvalet oppnemnar dei to representantane frå Hordaland fylkeskommune.

### **Framdrift**

Det vert tatt utgangspunkt i eit mål om vedtak av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger i fylkestinget i desember 2016. Om dette er realistisk avhenger av kor store endringar i planutkastet styringsgruppa legg opp til. Blir det større endringar i plandokumentet kan det vere behov for fleire møter og meir tid til prosess. Dersom endringane blir betydelege må ein og vurdere om det er naudsynt med ny offentleg høyring. Endeleg framdriftsplan vert fastsett av styringsgruppa i første møte.

### **Oppsummering**

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger har vore på høyring. Planforslaget har fire hovudtema:

- Berekraftig kystsoneplanlegging
- Akvakultur
- Sjøtransport og maritim næring
- Strandsona

Arbeidet har vore organisert med ei politisk styringsgruppe og ei administrativ prosjektgruppe. Faggrupper knytt til plantema har vore faglege diskusjonsforum. Fylkeskommunen har vore sekretariat i arbeidet.

Det er gjennomført fire større temasamlingar med brei deltaking der både kommunar, regionale og statlege organ, næringslivsrepresentantar, relevante fagmiljø og andre har vore godt representert.

Det har kome 44 høyringsinnspel med varierende grad av innspel om endringar i planen.

Det er behov for å opprette politisk styringsgruppe for å gjennomføre den vidare prosessen opp i mot vedtak i fylkestinget.